

Tilgang til vatn og sjø i Meland for vannidretter

I løpet av dei siste tiåra er det investert i mange tialltalls millioner for idrett i Meland. Idrettshall, gymsalar og fotballbaner. Vel anvendte pengar når ein ser det omfattande bruken. Men øykommunen er innramma av sjø og har i tillegg store vatn velegna for padling, roing og segling. Med andre ord glimrande utgangspunkt for idretter på sjø og vatn. For ein brøkdel av det som er investert for idrett på land kan det leggjast til rette for idrett på sjø og vatn.

Padling og segling

To idrettslag, Nordhordland padleklubb og Nordhordland seglforening er aktive i Meland. Seglforeningen har sin base på Litlebergen, padleklubben på Flatøy. På Litlebergen er inngangsbilletten til båtforeningen dag 150 000 kr. Og seglforeningen har ikkje tilbod til jolleseglarar. Nordhordland padleklubben har tilgang til sjøen på Flatøy og kan oppbevara kajaker og kanoer der i eit eldre naust og containere men treng og ei betre løysing for framtida.

Roing.

Kvernbit IL har no sagt ja til etablering av rogruppe etter at initiativtakarar har kjøpt fem robåtar og ynskjer eigen rogruppe i laget. Planen er å i første omgang å drive med roing på Storavatnet.

Initiativtakerane som jobber med plassering av båtane har eit problem som ikkje er heilt lett å løyse – tilgang til vatn for organisert aktivitet og bygging av mindre anlegg, båthus og flytebyggje. Båter, spesialbygd for roing er 7-13 meter lange og kan ikkje heilt enkelt transporterast på biltak eller henger (singelsculler, dobbelsculler og firer) Fast stasjonering i naust, båthus er heilt nødvendig.

Tilgang til sjø og vatn

Rundt Holsnøy er det fleire sjøområde som godt eigna for roing, segling og padling. Skal aktivitetane kunne etablerast som meir organisert idrett trengs det tilrettelegging, - i fyrste omgang som regulert område, så bygging, tilrettelegging med båthus og flytebyggjer,

På Litlebergen er all tilgjengelig grunn opptatt slik at etablering av anlegg for jollesegling, med bygninger vanskeleg let seg gjera no.

Vi står m.a.o overfor det paradoksal problem at sjølv om utgangspunktet, sjø på alle kanter og store vatn kan vannidrettar vanskeleg drivast grunna manglande areal for oppføring av høvelege bygningar og flytebyggjer. Nesten all grunn knytt til dei tre største vatna i kommunen Storavatnet, Rylandsvatnet og Eikelandsvatnet pluss sjøline er i privat eige.

I ein kommune som Meland med tilnærma perfekte naturgjevne forhold for idrett på sjø og vatn bør idrettslag kunne byggja eigne anlegg for padling, roing og segling (f.eks. med joller og seilbrett) Til dette trengs kommunalt engasjement og stønad for å sikre nødvendig areal, på kommunal grunn eller ved leigeavtale med private grunneigarar.

Framlegg utarbeidd av
Atle Bergseth (hausten 2016)

Områder og baser for idrett på vatn i Meland

Fremlegg til drøfting

Etter synfaring ved alle vatna og ved sjøområder har er fleire stader som bør vurderast som base for organisert aktivitet for roing, segling og padling.

(Sjøområda er og drøfta med representant for Bergen og Omland havnevesen for at organisert trening ikkje skal komme i konflikt, - vera til ulempe for båttrafikk.)

Sjå vedlagt kartutsnitt med eigna område for roing, segling, padling samt avmerka stader som bør vurderast som base/utgangspunkt – tilrettlagt med bårhus og flytebryggje, og parkering i nærleiken)

Ved ferskvatn

Ved Rylandsvatnet:

To/- tre stader utmerkar seg med omsyn. til lokalisering av anlegg, båthus og flytebryggje (Sjå kartutsnitt)

Alternativ A

Aust for gymsal/symjehall/grusbane ved Rossland skule eig Meland kommune eit område på ca.5,5 mål mellom vegen til Skintveit og Rylandsvatnet. Området bør abolutt vurderast som base for roing og padling. (Jollesegling og brettsegling kan og vera aktuelt på dette vatnet)

Alternativ B.

I samme enden av Rylandsvatnet (vestenden) er det eit utmarksområde mellom hovudvegen og vatnet som er stort nok for anlegg for roing og padling. Rett nedanfor gymsal/symjehall er vatnet så smal at ei enkel gangbro kan byggjast. (Dette området er innanfor planområdet for Rylandshøgda, som snart blir lagt ut til høyring.)

Alternativ C.

I sørvestenden av Rylandsvatnet, mellom vatnet og vegen til Bjørndalen er det to vikar, - eit ved utmarksområde og eit ved eit mindreområde med dyrka mark ned til vatnet, som kan tenkjast som lokalisering for båthus og flytebryggje.

Kommentar:

Her er kort veg ned til Fløksand og anlegg for roing kan kanskje sjåast i samanheng med vidare utbygging av anlegg ved golfbana på Fløksand. (Blir det bygd hotell her, kan gjestane også få tilbod om padling og roing på Rylandsvatnet som ein del av aktivt idrett og friluftsliv i samband med opphald på hotell.

Ved Storavatnet:

To armar av Storavatnet, ved **Hestdal** (ved pumpeanlegget) og ved **Hestnes** peikar seg ut som særskilte god lokalisering for anlegg for roing og padling. Storavatnet er spesielt godt eigna for roing fordi det er langt, 6 km frå austende til vestende. Meland kommune eig eit lite område ved vatnet i Hestdal ved pumpehuset. (Dette skal uvidast i samband med bygging av nytt pumpehus og kanskje kanskje kan ein då også ta omsyn til evt. anlegg for idrett på vatn, f.eks. parkeringsplassar. (Nærmaste grunneigar her har også sagt seg viljug til leige/bruk av grunn til båthus.) Anlegg for vannidrett på Hestnes/Hestdal vil ha kort avstand til stor bustadfelt i Grasdalkrinsen.

Hestnes er nok den beste/ mest veileigna plassen for base. Heile det aktuelle området er i privat eige. Svært mange nyttar i dag Hestnes som utgangspunkt for padling på Storavatnet.

Anlegg ved sjø:

Sjå kartutsnitt

1. Frekhaug/Flatøy området
 - a. Flatøyosen mellom Flatøy og Håøy.
 - b. Nordsida av Nordhordlandsbrua trekanten mellom flytebrua, Flatøy og farleia der båttrafikken går under brua.
 - c. Område på nordvestsida av Håøy, men sør for farleia for større båtar.

2. Rossland/Vikebø/Io
 - a. Rosslandsvågen
 - b. Ieosen, vestsiden av Io.
 - c. Sjøområde nordvest for Io. Her kan det kanskje opparbeidast trekkveg/sti (ca. 150m) slik at ein med håndtralle kan frakte seiljoller/seilbrett, kanoer, kajaker frå Rosslandsvågen til nordsida av Io. - vestsida av Eldsfjellet.
(Området har meir vind, enn Rosslandsvågen, - god vind for segling.)

3. Husebø/Kårbø/Sætrevik

For meir segltrening med jolle eller brett er sjøområdet Nordvest for Husebø glimrande (vindfylt område) Husebø er fylgjeleg godt utgangspunkt for base for segling men også for trening med kystrobåtar.

Anleggskostnader:

Roing segling og padling er alle sær sars miljøvennlige aktivitetar og høvelege anlegg kan byggjast for ein brøkdel av kostnadene for t.d. idrettshallar og fotballbaner. Som til andre idrettsanlegg kan det søkjast om statlege spelemidlar.

Tilpassing til funksjonshemma og eldre menneske:

Roing er spesielt velegna for ein del mennesker med funksjonshemming og for eldre menneske. Det er glimrande som konsdisjonstrening og båtane kan «innreiast» slik at funksjonsfriske kan trene/ trimme i lag med funksjonshemma – «bokstaveleg talt i samme båt»)

framlegg:

Atle Bergseth (hausten 2016)

Padling i Rogaland

(Kommentar angående forholda for padling i Ryfylke, men som også høver godt for vår del av Vestlandet)

Kano og kajakkpadling er blitt en stadig mer populær mosjons- og rekreasjonsform, og Ryfylke er i så måte et eldorado for padlere og roere. Dømt ut fra salgstall for kajakk det siste tiåret, fins det tusenvis av kajaker spredt rundt i Rogaland. En av landets største kajakkklubber, Stavanger Kajakklubb (www.stavangerkajakk.no), kan mønstre snart 1200 medlemmer. Ledelsen i kajakklubben etterlyser et sårt tiltrengt klubbhus ved sjøkanten i Stavangerdistriktet, samt utbygging av kajakk- anlegg og landingsplasser i Ryfylke-fjordene. Øyhopping med kajakk er et tilrettelagt tilbud på Helgelandskysten, men i Ryfylke får man knapt lov til å ta med kajakk (eller sykkel) på kollektive rutebåtar. Kajakkmiljøet har også etterlyst inkludering av lagerkapasitet og landingsplasser når fremtidige båt plasser blir planlagt og regulert. Fra naturens side er Ryfylke

velegnet som kajakkdestinasjon, men det mangler mye på logistikk og tilrettelegging.



laserjolle



Optimistjolle



kystrobåt (coastel rowing)



dobbelsculler robåt



4-er robåt (12-13 meter lang)



jolleseilas



to-er joller (29-er, Melges)